

Jordleige og bruksstruktur i Norddal kommune

INNLEIING

Jordleige er eit fenomen i vekst. Dei siste 10 åra har det auka raskare enn før. I 1959 var 12 prosent av jordbruksarealet i Norge leidt av ein aktiv brukar, i 1979 var dette auka til 20 prosent og i 1999 til 31 prosent. Men fra 1999 til 2010 vokst det dobbelt så fort, til 42 prosent.

I 2010 var det i Møre og Romsdal 47 prosent leigearreal. For Norddal kommune veit vi ikkje kor mykje av dyrkjorda som er innleidt av ein aktiv brukar. Men frå Statens Landbruksforvaltning får vi vite at det i 1999 var 151 sokjarar med til saman 12831 daa som det vart søkt stønad for å drive. I 2010 finn vi 109 sokjarar med 11893 daa, og i 2016 var det 94 sokjarar med 11824 daa.

Dette fortel oss at talet på aktive jordbruksbedrifter minskar fort. På 17 år har det minka med 38 prosent medan arealet som det vert søkt stønad for har minka med 8 prosent. Det som desse tala ikkje får med seg, er dei areala som vert drivne av eigarane i så liten skala at det ikkje gir grunnlag for stønad frå Statens Landbruksforvaltning. Underteikna har ikkje grunnlag for å gjette på kor mye areal dette dreiar seg om, men tviler på om det kan bli så mye som 1007 daa. Det er truleg slik at nedgangen er ei fortsetjing av den historiske trenden med at marginal tungdriven jord går attende til utmark.

OM LANDBRUK I NORDDAL

Folketal. Mellom 1890 og 1950 var folketalet i Norddal noko lunde stabilt, men sidan 1950 har det vore på veg nedover. Fra 1950 til 1970 gikk det raskt nedover (16 prosent mindre). Fra 1970 til 1990 var det om lag stabilt, medan det igjen fra 1990 til 2010 gikk raskt nedover (11 prosent mindre). Det som er mest urovekkjande er likevel at det mellom 2010 og 2017 minka med nye 8 prosent.

Ser vi nærmare på den interne fordelinga av folk i kommunen ser vi at sentrumsområdet (grunnekretsane Sylte/Muri) i perioden 2000 til 2017 hadde om lag konstant befolkning (518 personar eller 26.4 prosent av totalen i 2000 og 491 personar eller 29.5 prosent av totalen i 2017). Da må dei andre kretsane ha minka ein god del meir enn gjennomsnittet for kommunen. I perioden 2000 til 2017 vart sentrum meir dominante i høve til resten av kommunen.

Nedlagte og fråflytte gardar. Nedgang i folketal i jordbruksdistrikt har samanheng med at unge familiær ikkje tar over gardsbruk etter foreldre eller eldre slektingar når dei ikkje orkar meir eller pensjonerer seg. Da blir jordbruksareal ledig for utelege eller jorda vil gro igjen. I Norddal kommune har ein lang erfaring med nedlegging og gjengroing. I Åttebok

innlegg

for Norddal (Linge and Tafjord 1997) finn vi at på gardsnivå (nb: ikkje bruk) vart det før 1945 fråflytt og nedlagt tre gardar (Herdalen, Vindsnes og Robbervika), i perioden 1946–1960 vart ti gardar fråflytte og etter 1960 enno fire gardar. I tillegg har det vore nedlagt og fråflytt bruk innan dei andre gardane. Kor mange det dreiar seg om veit vi ikkje. Men jorda på desse brukar har nok i mindre grad grodd igjen enn det som har skjedd med dei som tidlegare vart fråflytt. Vi ser no i aukande grad at gardshus blir ståande tomme. Dei går over til å vere feriehus medan jorda vert driven vidare av naboar.


Landbruksseigedomar. I Norddal kommune har Statens Kartverk i 2015 registrert 683 heimelshavarar til 445 egedommar med meir en 5 daa.

Etter SSB og Statens Landbruksforvaltning (SLF) sin definisjon skal landbruksseigedomar ha meir enn 5 daa eiga jordbruksareal eller meir enn 25 daa produktivt skogsareal. I 2016 har Norddal 285 landbruksseigedomar med minst 5 daa eiga jordbruksareal og/eller minst 25 daa produktivt skogsareal. Vi kan notere at det finst 160 egedommar med meir enn 5 daa som ikkje fyller definisjonen for landbruksseigedom.

Ser ein på landbruksseigedomar med boligbygg og busetting har det vore ein viss nedgang fra 215 i 2006 til 204 i 2016. Den største endringa ser vi i talet på personar som er busett på landbruksseigedomar med boligbygg. Dette har minka fra 834 i 2006 til 711 i 2016. Dette gir oss i 2016 3,5 personar per landbruksseigedom. Nedgangen på 15 prosent er raskare enn kommunen sin nedgang i folketal og peikar mot ei uttynnning av jordbruksbefolkinga som truleg vil føre til enno fleire leigekontraktar.

Jorbruksbedrifter. Jordbruksbedrifter er noko anna enn landbruksseigedomar. Medan talet av egedomar held seg omlag stabilt har talet på bedrifter mellom 2000 og 2016 minka med meir enn ein tredjedel, fra 156 til 93 (av desse 93 er det 90 som får areal- og kulturlandskapstilskott), ein nedgang på 40 prosent.

Jordbruksareal i drift. Nedgangen i talet av landbruksseigedomar som er i drift viser seg ikkje tilsvarende i fulldyrka areal som er i drift. Rett nok ser vi at fulldyrka areal har minka sidan 1989. I 1989 var det ca 15 prosent meir fulldyrka areal enn i 2016. Men i 2016 er det framleis meir fulldyrka areal enn i 1969. I 2000 hadde Norddal 9547 daa fulldyrka jord og i 2016 registrerte ein 8598 daa, ein nedgang



Kart over Norddal. Område der heimelshavar er kjent er farga raudt. Egedomar som manglar registrert eigar er ikkje fargelagt. Kartet er laga av Anders Eika (Berge 2016, s.9).

på omlag 10 prosent. Samla jordbruksareal varierer litt annleis. Sidan 1969 har det gått nedover, litt i rykk og napp og mest i perioden 2009–2013. Etter 2013 har det auka litt.

Egedomar i matrikkelsamanheng. Grunnlagsmaterialet til statistikk for landbruksseigedomar får SSB fra Statens Kartverk. Grunnlagsmaterialet er därleg tilpassa statistikkproduksjon. SSB freistar betre kvalitet på statistikkken, men dei noterer at det gjer samanhlikningar over tid vanskeleg.

Kartet i figuren illustrerer eitt av problem for statistikkken. Store sameiger har tradisjonelt ikkje vore registrert med heimelshavarar. Dette har ein byrja gjere, men framleis er det store ikkje-raude flekkar på kartet der matrikkelen ikkje har registrert heimelshavar.

Vi ser også ein flekk som ikkje er raud der ein i tidlegare tider hadde gr.nr. 48, Vindsnes. Garden er rekna fråflytt ca 1740. I matrikkelen frå 1907 er Elias Jonsen Viken registrert som eigar. Men i dagens matrikkel slik den er tilgjengeleg ved NMBU finst ikkje gardsnummeret.

DATAINNSAMLING

Opplysningane presenterte ovanfor er resultat frå eit lite prosjekt start opp ved NMBU i 2014. Målet var å finne ut meir om korleis utelege av jord gjekk føre seg. Ein veit mye om dei som leiger inn jord gjennom data Statens Landbruksforvaltning samlar inn regelmessig. Men vi veit ingenting om dei som leiger ut jorda si. Og

vi veit heller ingenting om dei som driv jordbruk som attårnær på ein måte som gjer at dei ikkje får statlege tilskot.

Om datainnsamlinga må vi seie to ting. Den eine er at det er meir tidkrevjande å skaffe nødvendige konsesjonar frå registereigarar enn godt er for forskinga. Den andre konklusjonen er at det er så pass vanskeleg å få svar på eit «vanleg» spørjeskjema at resultata ikkje er brukande for mange formål.

Driveplikt og teknologisk endring gjer at utelege vert ein enkel måte for å tilpasse seg ein situasjon der eiga drift av garden ikkje gir tilstrekkeleg utkomme og ikkje kan kombinerast med anna arbeid. Dette fører til utelege. For dei som ser at eiga jord ikkje er nok til lønsam drift er løysinga innleige. Vi ser også at utforminga av tilskotssystemet påverkar måten ein driv jorda på, som t.d. i utforminga av samdrifter for mjølkeproduksjon. Samtidig ser vi også at endra reglar og ny teknologi på andre område (t.d. foredling av eigne råvarer eller tenester for turistar) kan opne for nye attåtnæringer på bruk som elles ville ha for dårlig lønsemrd med tradisjonell drift.

Erling Berge

Referansar

- Berge, Erling. 2016. Jordleige og strukturendringar i norsk landbruk. Datadokumentasjon. Norddal. In CLTS Reports.
- Ås: Centre for Land Tenure Studies, Norwegian University of Life Sciences.
- Linge, Terje, and Leonhard Tafjord, eds. 1997. Åttebok for Norddal Del I og Del II
- 1997. 2 vols, Norddal Bygdebøker. Valldal: Norddal Kommune.